



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Gry Walle, 5557 2332

Vår dato  
24.01.2018  
Dykkar dato

Vår referanse  
2018/572 443.1  
Dykkar referanse

Risnes krins grunneigarlag  
Rosnesvegen 129  
5937 BØVÅGEN

### Løyve til utlegging av gytegrus i Mølsmogelva

---

**Risnes krins grunneigarlag får løyve til å leggje ut gytegrus i Mølsmogelva. Løyvet er gjeve med heimel i § 1 forskrift om fysiske tiltak i vassdrag og vurdert etter naturmangfaldlova.**

---

Vi viser til kommunen sin oversending av søknad 9. januar 2018.

#### Bakgrunn

Mølsmogelva er eit sjøaureførande vassdrag i Radøy kommune. Vassdraget er 4 km langt, med eit areal på 8000 m<sup>2</sup>. Det er laga ein rapport frå 2005 som peiker på tiltak for å betre forholda for sjøaure i vassdraget, bla. utlegging av gytegrus. Risnes krins grunneigarlag ønskjer no å gjennomføre tiltaket med utlegging av gytegrus. Grunneigarlaget inviterte konsulent frå NJFF-Hordaland til synfaring oktober 2017, for å finne eigna lokalitetar til føremålet.

#### Andre instansar

Kommunen har innhenta fråsegn frå NVE. NVE har nokre merknadar til gjennomføringa av tiltaket, og vi set det som ein føresetnad at grunneigarlaget fylgjer desse.

#### Vår vurdering

Det skal leggjast ut gytegrus to stader i vassdraget, på gnr. 21, bnr. 8 og 10. Vassdraget er lite, ved utlegging av gytegrus må dette tilpassast vassføringa gjennom året. Grus skal ikkje leggast slik at ein risikerer tørrlegging av gytegroper. Utlegging skal heller ikkje føre til auka erosjon og flaumfare. Vi reknar med at yngelen av sjøaure kjem opp av grusen medio mai, og at gytetida startar i oktober. For å unngå skade på fjorårets produksjon av rogn/yngel, skal utlegging av gytegrus skje i perioden juni – september. Vi minner om at kantvegetasjon ikkje kan fjernast. Denne har særskilt vern og er viktig for økosystemet knytt til vassdraget.

Fylkesmannen meiner kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å fatte vedtak, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Dette basert på informasjon frå søkjar og erfaring frå denne type kultivering. Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til vesentlege økologiske endringar i vassdraget. Tiltak for å betre gyteforholda er positivt. Tidspunktet for gjennomføring er tilpassa fisk, vi meiner difor føre – var prinsippet er fylgt i høve til fisk. Etter vårt syn er §§ 8 – 12 i naturmangfaldlova fylgt.

## Konklusjon

Risnes krins grunneigarlag får løyve til å leggje ut gytegrus i Mølsmogelva som skissert i søknaden.

## Vilkår

- Utlegging av grus skal skje i perioden juni – september
- Løyve frå grunneigar må innhentast før tiltaket vert sett i gang
- Det er ikkje gitt løyve til fjerning av kantvegetasjon. Enkle tiltak som rydding av ev. sti er lov jf. § 11 i vassressurslova

Er det noko i vedtaket de vil klage på, kan de sende klage til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage skal de sende via Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Kjell Hegna  
seniorrådgjevar

Gry Walle  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TROND HEIM
Radøy kommune, Landbrukskontoret	Radøyvegen 1690	5936	Manger